



Lindås songlag

## Referat frå årsmøtet

**Dato: 28 jan. 2015**

**Tal kormedlemar på årsmøtet: = 16.**

- Sak 1:** Val av møteiar: Frode Bakke
- Sak 2:** Val av skrivar: Terje Fauske
- Sak 3:** Godkjenning av innkalling: Ingen merknader, O.K.
- Sak 4:** Godkjenning av sakslista: Ingen merknader, O.K.
- Sak 5:** Årsmelding:

Denne vart utlevert i årsmøtet, og gjennomlest av Ranita. God aktivitet i 2014 med i alt 9 styremøte, og 35 øvingar. I tillegg 23 songaktivitetar. To songaktivitar var utegløymt, og det var song på Lindås Brygge, og juleavslutning på Rosenlund.

I tillegg vart det utført 129 betalte dugnadstimer. Tal kormedlemar i 2014 var på 20, medan det for 2013 var på 18 medlemar.

Det vart opplyst at det er oppretta eigen avtale med dirigenten uavhengig av kulturskulen.

Årsmeldinga vart godkjent.

**Sak 6: Rekneskap for 2014:**

Bente orienterte om rekneskapen som viste eit svært godt resultat. Eigenkapital pr. 31.12.14 utgjer kr. 80.644,-, og med årsoverskot på kr. 46.657,-. Det vart riktignok gjort merksam på at Haugatunutgifter for Broadway konserten ikkje var gjort opp.

Forøvrig gode inntekter på loddsal og dugnader.

Rekneskapen vart godkjent.

**Sak 7: Inkomne saker:**

**7.1: Nye medlemar skal betale halv halvårsavgift(kr. 500,-).**

Inneber at nye medlemar betalar ¼ årsavgift(f.t. kr. 500,-) for første halvår. Vart einstemming godkjent av årsmøtet.

**7.2: Vurdering av nytt opplegg for julekonserten.**

Det vart lagt fram tanker om justering av opplegget ved at det tenkjast nytt som kan føre til endringar av konseptet for julekonserten. Det bør og vurderast ein konserttype som kan gje

koret inntekter. Det vart og gjort merksam på at det kunne påreknast utgifter for bruk av kirken om det vert lagt opp til inntektsbringande konsert.

Det var delte meiningar om dette, og fleire gav utrykk for at det var viktig å halde på tradisjonar. Eit alternativ vil vera og dra inn andre aktørar, samt vurdering av innhaldet utan at det nødvendigvis fører til inntekter for koret. Det kan bli aktuelt på nytt kontakt mot skulekorpset, og evt. Lindås Brass for deltaking.

Konklusjon: Musikkutvalet utarbeidar forslag for justering av julekonsertopplegget, og legg fram forslaget for vurdering/godkjenning av styret. Avklaring på dette i løpet av mai. Deretter tilbakemelding til kormedlemene.

**Sak 8: Skisse til handlingsplan:**

Ranita orienterte om halvtårsplanen for både vår - og haustsemesteret 2015.

Ein del usikkerheiter ligg i planen. Ma. 17 mai konserten med påfølgjande konserter, seminarhelger, økonomi, opplegg, og tal arrangement. Blir og sett i relasjon til oppdrag ved sjømatbordet 20 og 21 juni. Styret gir nerare info. Det pågår samtaler med Lindås ungd. lag om opplegg for konsertane.

Kommentarar til halvtårsplanen: Konsert i Rosenlund, evt. utgår. Dirigenten hadde forslag om endring av dato for julekonserten frå søndag 13 des. til onsdag 9 des. Også evt. endringar i øvingsdatoar. Styret / dirigent avklårar. Ny justert halvtårsplan utarbeidast.

Skisse til handlingsplan vart forøvrig godkjent.

**Sak 9: Budsjett:**

Bente la fram forslag til budsjett. Budsjett, godkjent av årsmøtet.


**Sak 10: Val:**

Valnemnda v/ Frøydis la fram valnemnda sitt forslag med einskilde kommentar som står oppført i forslaget, nedst på sida(vedlegg)

Kommentarar om at:

- Julekonsertnemnda utgår og erstattast av Musikkutvalet.
- Pr. nemnd: Pressekontakt høyrar naturleg under styret sitt ansvar.
- Teknisk nemnd. Nedlagt og erstattast av «karane».

Årsmøtet, slutt kl. 21.10.

Terje,  
  
Ref.  
5. febr. 2015